

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig skogvern, som ei utviding av Hesten naturreservat i kommunane Forsand og Strand**

Fylkesmannen sendte 23. mars 2018 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog og utviding av området Hesten i kommunane Forsand og Strand.

Det kom i alt tre merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegnar og legg til vår vurdering.

*Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeister for Svalbard (DMF)* har ingen kommentarar til meldinga om oppstart for ei utviding av Hesten naturreservat.

*Forsvarsbygg* har ingen merknader ved meldinga om oppstart for ei utviding av Hesten naturreservat.

*Norges vassdrags- og energidirektorat* melder om bekk med konsesjonsfritak for utbygging av eit mikrokraftverk med inntak innanfor vernearealet. Konsesjonsfritaket blei gitt i 2001, og er ikkje blitt realisert. Vedtaket er gyldig i tre år. Øvrige merknader har ikkje NVE til utvidinga.

*Fylkesmannen* tek fråsegnene til orientering. Me noterer at konsesjonsfritaket gjekk ut på dato i 2004. Det blei ikkje gitt nokre merknader som er negative for utvidinga, eller som vil endra på foreslått vernegrense aller forskrift for Hesten naturreservat.